



## Referat fra møtet i Utvalget for undervisning og internasjonalisering

**Møtedato:** 27. mai 2015

**Til stede:** Øyvind Gjerstad, Brita Lotsberg Bryn (russisk), Bente Hannisdal (SPIK), Karol Janicki (engelsk), Zeljka Svrljuga (engelsk), Ludmila Ivanova Torlakova (arabisk), Torgeir Skorgen (tysk), Harry Solvang (japansk), Siri Tenden Myklebust, Hild Meland Rød, Synne Ulltang (studentrepresentant), Anna Polster (sekretær)

**Forfall:** Lusine Mkrtchyan (studentrepresentant), Anne Myklestad (studentrepresentant), Egil Melander (studentrepresentant), Selina Boullin (studentrepresentant), Helge Vidar Holm (fransk), Synnøve Ones Rosales (spansk), Shouhui Zhao (kinesisk), Lars Ask (studentrepresentant)

### 17/15 **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste ble godkjent.

### 18/15 **Godkjenning av referat fra forrige UUI-møte 22. april**

Referat fra møtet 22. april 2015 ble endelig godkjent.

### 19/15 **Orienteringssaker**

#### 1. **Generelt om videreformidling av informasjon til fagmiljøene**

Gjerstad påpekte viktigheten av at informasjon som kommer til fagkoordinatorerne, enten i form av e-poster eller på UUI, blir videreformidlet videre til fagmiljøene.

I starten av juni reiser en delegasjon fra IF (Torlakova, Weigelt, Polster), LLE (Schnall) og fakultetet (Ivarsøy, Huitfeldt) til Tunis for å besøke Universitetet i Tunis El Manar. Instituttet har fått Erasmus+-midler for å ta imot studenter og også for ansattutveksling. Formålet med besøket er å få på plass en MoU og se hva som kan være aktuelt for våre arabiskstudenter som ønsker å dra på utveksling.

#### 2. **Mastermarkering**

Instituttet arrangerer i år en litt mer høytidelig mastermarkering for alle ferdige masterstudenter i Knut Fægri hus. Mastermarkeringen finner sted 18. juni og alle veiledere som har anledning oppfordres til å komme.

#### 3. **IF-åpningen (semesterstart) i uke 33**

Polster minnet om IF-åpningen mandag i uke 33. Velkomstsereemonien finner sted på Universitetsbiblioteket kl 09.00. Alle ansatte er velkomne.

#### 4. **NOKUT-konferansen**

NOKUT-konferansen fant i år sted i Bergen. Hovedfokuset var på fusjonering. Gjerstad viste til nettsiden hvor referatene/innleggene fra konferansen ble publisert - <http://www.nokut.no/no/Nyheter/Konferanser-seminarer-og-kurs/NOKUT-konferansene/Hoyere-utdanning/2015/#.VYfLZ6M4WUk>

#### 5. **Studieplanendringer, Høsten 2015**

Til tross for at IF har gått over til en hovedfrist (vår) når det kommer til å gjøre studieplanendringer, er det en åpning for å sende inn endringer også nå til høsten dersom det er særlige viktige ting/feil i studie-/emneplanene. Foreslåtte endringer må da legges frem for neste UUI som er foreslått til 9. september. Polster orienterte også om at alle fagmiljøene bør gå gjennom emneplanene sine og se over obligatoriske arbeidskrav. Dersom et emne har flere obligatoriske arbeidskrav (f. eks tre oppgaver), og disse er gyldige frem til neste undervisningssemester, kan studenter som har fått bestått noen deler av de obligatoriske arbeidskravene (f. eks én oppgave) ta denne med seg til neste undervisningssemester og da kun behøve å ta opp igjen de to siste oppgavene. Dersom en ikke ønsker at studenter skal kunne ta med seg deler av de obligatoriske arbeidskravene, men at alle må være bestått i samme semester, bør dette spesifiseres i emnebeskrivelsen. Studiekonsulenten kan være behjelpelig med å finne en formulering som kan settes inn i de aktuelle emnebeskrivelsene.

#### 6. **Alumnusdag ved HF**

Hannisdal orienterte om det planlagte alumnusarrangementet som finner sted 12. september 2015. Det blir et fellesarrangement for alle alumner ved UiB på Studentsenteret og i den nye aulaen. Klokken 17 blir det fagfest for alle tidligere fra IF og LLE på Ad Fontes. Etter dette blir det igjen felles alumnusfest på Kvarteret.

20/15

#### **IF-strategien**

*(vedlegg 1)*

Det var flere punkter som ble diskutert da strategien ble diskutert. Blant disse var

- Ha fortsatt fokus på rekruttering (kanskje primært en videreføring av tiltakene som er igangsatt heller enn videreutvikling av flere nye)
- Ha større fokus på å identifisere årsaker til frafall og sette i gang strategier for å forhindre dette
- Fortsatt satsing på internasjonalisering. Få ut god informasjon på nettsidene våre til internasjonale studenter (engelsk info)
- Jobbe mot at de fagene som har mange avtaleuniversiteter (utveksling), men kanskje ikke noe særlig kjennskap til universitetene og fagtilbudet, velger ut et par universiteter hvor en har/skaffer seg kontaktpersoner. Her kan en gjøre seg kjent med emnetilbudet og dermed veilede studenter bedre i forhold til emnevalg på utveksling. Dette trenger ikke å innebære at en avslutter eventuelle andre avtaler, men at en fokuserer og løfter frem noen.
- klargjøring av begreper og også formuleringer (hva menes f. eks med forskningsbasert undervisning)

21/15

#### **Møtedatoer høsten 2015**

Forslag til datoer:

Onsdag 9. september

Onsdag 28. oktober

Møtedatoene ble vedtatt.

**Eventuelt**

22.06.15

Øyvind Gjerstad  
undervisningsleder

Anna K. Polster  
fungerende studieleder

**FS520.002 : Oppmeldingstall for sted**

Sted: 184.11.20.\* Institutt for fremmedspråk med alle grupper

Termin: 2015 - HØST

Emnekode	Vurd.stat.	Vurd.ordn.	Vurd.form	Emnenavn	Antall meldt	Dato	
ARA100 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Innføringskurs i arabisk språk og	30	03.12.2015 2t
ARA112 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Grunnkurs i moderne standardarabisk	8	04.12.2015 3t
ARA113 0	2015 HØS ORD	SM	SM		Grunnkurs i moderne standardarabisk	1	
ARA115 0	2015 HØS ORD	HM	HM		Innføring i arabisk språkvitenskap	8	
ARA211 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Tekststudier i klassisk og moderne arabisk	6	03.12.2015 4t
ARA301 0	2015 HØS ORD	SM	SM		Fellespensum i arabisk	2	
ARA302 0	2015 HØS ORD	L	L		Særpensum	2	
ARA303 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Metodologi 1 i arabisk	1	
ARA350 0	2015 HØS ORD	MAO	MAO		Arabisk mastergradsoppgave	2	
ASIA100 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Kultur, språk og historie i Øst-Asia	102	24.11.2015 3t
BRA101 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Brasilkunnskap med portugisisk språk	20	02.12.2015 4t
DIDAENG1 0	2015 HØS ORD	DO	L	L	Engelskdidaktikk 1	11	Frist innlevering:
DIDAFRAN1 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Franskididaktikk 1	4	Uttak: 04.12.2015
DIDAITAL1 0	2015 HØS ORD	DO	L	L	Italienskididaktikk 1	2	Frist innlevering:
DIDASPA1 0	2015 HØS ORD	DO	L	L	Spanskididaktikk 1	4	Frist innlevering:
DIDATYS1 0	2015 HØS ORD	DO	L	L	Tyskdidaktikk 1	8	Frist innlevering:
ENG100 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Introduksjon til engelskstudiet	67	20.11.2015
ENG101 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Engelsk lingvistikk I	46	09.10.2015 6t
ENG106 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Engelsk lingvistikk II	9	14.10.2015 6t
ENG106L 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Engelsk lingvistikk II for lærerstud	3	14.10.2015 4t
ENG107 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Engelsk grammatikk II	146	26.11.2015 3t
ENG108 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Engelsk som verdensspråk	134	20.11.2015 3t
ENG109 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Varianter av engelsk	111	24.11.2015 3t
ENG122 0	2015 HØS ORD	OS1	OS		Amerikansk litteratur og kultur	132	
ENG122L 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Amerikansk litteratur og kultur for	5	02.12.2015 4t
ENG125 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Britisk litteratur og kultur	9	12.10.2015 5t
ENG211 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Engelsk lingvistikk III	19	26.11.2015 6t
ENG212 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Engelskspråklig litteratur og kultur	17	18.11.2015 6t
ENG251 0	2015 HØS ORD	OM	OM		Semesteroppgave i engelsk lingvistikk	6	
ENG252 0	2015 HØS ORD	OM	OM		Semesteroppgave i engelskspråk	7	

**FS520.002 : Oppmeldingstall for sted**

Sted: 184.11.20.\* Institutt for fremmedspråk med alle grupper

Termin: 2015 - HØST

Emnekode	Vurd.stat.	Vurd.ordn.	Vurd.form	Emnenavn	Antall meldt	Dato	
ENG321 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Masteremne i engelsk lingvistikk	10	20.11.2015
ENG322 0	2015 HØS ORD	O	O	O	Masteremne i engelsk lingvistikk	8	Frist innlevering:
ENG325 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Masteremne i engelsk lingvistikk	1	12.10.2015 6t
ENG326 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Masteremne i engelsk lingvistikk	1	13.10.2015 6t
ENG331 0	2015 HØS ORD	HM	HM		Masteremne i engelskspråklig litte	6	
ENG331L 0	2015 HØS ORD	HM	HM		Masteremne i engelskspråklig litte	3	
ENG332 0	2015 HØS ORD	O	O	O	Masteremne i engelskspråklig litte	7	Frist innlevering:
ENG333 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Masteremne i engelskspråklig litte	4	09.10.2015 6t
ENG334 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Masteremne i engelskspråklig litte	3	23.11.2015 6t
ENG334L 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Masteremne i engelskspråklig litte	8	23.11.2015 6t
ENG350 0	2015 HØS ORD	MAO	V		Engelsk mastergradsoppgave	31	
ENGDI101 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Fagdidaktikk i engelsk i lektorutdæ	32	13.11.2015
ENGDI111 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Fagdidaktikk i engelsk for integre	2	Frist innlevering:
ENGDI201 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Fagdidaktikk i engelsk for integre	1	Frist innlevering:
ENGDI301 0	2015 HØS ORD	O	O	O	Fagdidaktikk i engelsk for integre	1	Frist innlevering:
ENGMAU641 0	2015 HØS ORD	O	O	O	Engelsk språk	1	Frist innlevering:
ENGMAU642 0	2015 HØS ORD	O	O	O	Engelskspråklig litteratur	9	
ENGMAU643 0	2015 HØS ORD	O	SEM	C	Engelsk fagdidaktikk (i Erfaringba	6	
ENGMAU650 0	2015 HØS ORD	MAOM	MAOM		Erfaringsbasert masteroppgave i	7	
ENGMAU651 0	2015 HØS ORD	U	O	O	Fellesemne: Profesjon, refleksjon	8	
FRAMDI640 0	2015 HØS ORD	O	O	O	Fremmedspråksdidaktikk i fransk	3	
FRAN100 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Introduksjon til franskstudiet	43	26.11.2015 4t
FRAN101 0	2015 HØS ORD	DOS	LS		Fransk grammatikk	2	
FRAN102 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Fransk litteratur	20	04.12.2015 6t
FRAN103 0	2015 HØS ORD	SSM	SSM		Fransk kulturkunnskap og overse	3	
FRAN105 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Fransk litteratur (lektorutdanninge	3	
FRAN106 0	2015 HØS ORD	M	M	M	Franskspråklig litteratur fra det 20	1	
FRAN114 0	2015 HØS ORD	SM-5	SM		Oversettelse norsk-fransk og fon	20	
FRAN253 0	2015 HØS ORD	OM	OM		Fordypning i fransk litteratur	1	
FRAN307 0	2015 HØS ORD	O	O	O	Språklig særemne	6	

**FS520.002 : Oppmeldingstall for sted**

Sted: 184.11.20.\* Institutt for fremmedspråk med alle grupper

Termin: 2015 - HØST

Emnekode	Vurd.stat.	Vurd.ordn.	Vurd.form	Emnenavn	Antall meldt	Dato	
FRAN350 0	2015 HØS ORD	MAO	MAO	Fransk mastergradsoppgave	4		
FRANDI101 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Fagdidaktikk i fransk i lektorutdan	2	30.11.2015 4t
ITAL100 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Innføring i italienskstudium	22		
ITAL111 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Italiensk språk I	1	15.10.2015 6t
ITAL112 0	2015 HØS ORD	OM	OM	Italiensk litteratur	7		
ITAL114 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Italiensk språk II	10		
ITAL201 0	2015 HØS ORD	SS	SS	Italiensk grammatikk og oversette	2		
ITAL301 0	2015 HØS ORD	SS	SS	Italiensk språkhistorie og oversett	4		
ITAL302 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Italiensk litteratur: tekststudium o	4	03.12.2015 6t
ITAL350 0	2015 HØS ORD	MAO	MAO	Italiensk mastergradsoppgave	2		
JAP120 0	2015 HØS ORD	L	L	Japansk språk 2	30		
JAP211 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Japansk språk 4	3		
JAP251 0	2015 HØS ORD	BAO	BAO	O	Japan: Kultur og samfunn med se	1	
KIN101 0	2015 HØS ORD	M	M	M	Innføring i kinesisk språk 1	1	
KIN102 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Kinesisk språk 2	2		
KIN103 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Kinesisk språk 3	10		
KIN104 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Kinesisk språk 4	9		
KIN201 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Kinesisk språk 5	1		
KIN251 0	2015 HØS ORD	BAO	BAO	O	Kina: Kultur og samfunn med bac	3	
RUS100 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Grunnkurs i skriftlig og muntlig ru:	26		
RUS111 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Russisk grammatikk (1) og skriftli	3	18.09.2015 6t
RUS112 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Russisk kultur, tekst og tale	2		
RUS113 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Russisk grammatikk (2) og Skriftli	11	27.11.2015 6t
RUS114 0	2015 HØS ORD	LM	LM	Russisk kultur (2) Tekst og tale (2	12		
RUS211 0	2015 HØS ORD	SS	SS	Russisk språkstruktur og skriftlig i	6		
RUS301 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Russisk språkhistorie og språkstr	2	27.11.2015 6t
RUS302 0	2015 HØS ORD	DOS	LS	Tekst og skriftlig russisk	4		
RUS350 0	2015 HØS ORD	MAO	MAO	O	Masteroppgave i russisk	1	
SLAN600 0	2015 HØS ORD	SM	SM	Spansk innføringskurs	9		
SLAN611 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Spansk språk og oversettelse (fje	12	24.11.2015 6t

**FS520.002 : Oppmeldingstall for sted**

Sted: 184.11.20.\* Institutt for fremmedspråk med alle grupper

Termin: 2015 - HØST

Emnekode	Vurd.stat.	Vurd.ordn.	Vurd.form	Emnenavn	Antall meldt	Dato	
SLAN612 0	2015 HØS ORD	SEM	SEM	C	Latinamerikansk historie (fjernunc	1	
SLAN613 0	2015 HØS ORD	SM	BAOM		Kultur og samfunn i Latin-Amerik	9	
SLAN641 0	2015 HØS ORD	SEMM	OM		Fordypning i latinamerikansk litter	8	
SPANDI101 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Fagdidaktikk i spansk for integrer	1	
SPANDI101H 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Fagdidaktikk i årsstudium i spans	3	
SPANDI111 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Fagdidaktikk i spansk for Integrer	1	
SPLA100 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Introduksjon til spansk språk og l	57	04.12.2015 4t
SPLA100H 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Introduksjon til spansk språk og l	2	04.12.2015 6t
SPLA101 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Spansk språk I	3	02.10.2015 6t
SPLA102 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Latinamerikansk litteratur	15	03.12.2015 6t
SPLA103 0	2015 HØS ORD	HM	HM		Latinamerikansk historie	1	
SPLA104 0	2015 HØS ORD	SEM	SEM	O	Kultur og samfunn i Latin-Amerik	28	
SPLA105 0	2015 HØS ORD	L	L	L	Spansk språk II	26	
SPLA119H 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Kultur og samfunn i Latin-Amerik	3	
SPLA201 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Fordypning i spansk språk	1	02.10.2015 6t
SPLA202 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Fordypning i latinamerikansk litter	1	02.10.2015 6t
SPLA203 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Fordypning i latinamerikansk kult	2	01.10.2015 6t
SPLA311 0	2015 HØS ORD	O	O	O	Teori og metode i spansk lingvisti	11	
SPLA312 0	2015 HØS ORD	M	M	M	Teori og metode i latinamerikansk	11	
SPLA313 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Teori og metode i latinamerikansk	11	
SPLA350 0	2015 HØS ORD	MAO	MAO	O	Mastergradsoppgave i spansk sp	9	
TOLKHF 0	2015 HØS ORD	OM	OM		Tolketeori, -teknikk, -etikk og -pra	14	
TSAK318 0	2015 HØS ORD	OM	HM		Masteremne i tyskspråklig litterat	4	
TYS100 0	2015 HØS ORD	SM	SM		Introduksjon til tyskstudiet	16	
TYS100H 0	2015 HØS ORD	SM	SM		Grunnkurs i tysk for lærerstudent	1	
TYS111 0	2015 HØS ORD	SM	SM		Grunnemne i tysk språk I	3	
TYS113 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Grunnemne i tysk språk II	13	03.12.2015
TYS113-F 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Grunnemne i tysk språk II (fjernst	2	14.10.2015 6t
TYS114 0	2015 HØS ORD	OS	OS		Tyskspråklig litteratur	13	
TYS123 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Grunnemne i tysk språk II for lær	4	03.12.2015 4t

**FS520.002 : Oppmeldingstall for sted**

Sted: 184.11.20.\* Institutt for fremmedspråk med alle grupper

Termin: 2015 - HØST

Emnekode	Vurd.stat.		Vurd.ordn.	Vurd.form	Emnenavn	Antall meldt	Dato
TYS124 0	2015 HØS ORD	HM	HM		Tyskspråklig litteratur for lærerstu	5	
TYS307 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Tysk språk og litteraturvitenskap	5	10.12.2015 6t
TYS315 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Seminaremne i tyskspråklig litteræ	1	13.10.2015 6t
TYS350 0	2015 HØS ORD	MAO	MAO		Tysk mastergradsoppgave	5	
TYSDI101 0	2015 HØS ORD	S	S	S	Fagdidaktikk i tysk i lektorutdanni	5	13.11.2015
TYSDI101H 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Fagdidaktikk I i årsstudium i tysk	1	Frist innlevering:
TYSDI111 0	2015 HØS ORD	H	H	H	Fagdidaktikk i tysk for integrert lel	2	Frist innlevering:

Antall emner : 127

Antall vurd.enheter: 127

Antall meldinger: 1677



# Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 2. september 2015

**Stad:** Sydnesplassen 12/13, rom 209

**Desse er kalla inn:**

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Åsta Haukås (tysk)

Frå gruppe B: Innkallinga blir ettersend når representanten er vald.

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Innkallinga blir ettersend når representantane er valde.

*Dersom nokon ikkje kan møta, må dei sjølve be vararepresentant om å stilla.*

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Sak 2 – godkjenning av referatet frå 28. mai 2015**

Referatet frå rådsmøtet vart sendt ut med e-post 28. mai 2015.

### **Sak 3 – orienteringssaker**

- A) stillingar under utlysing og tilsetjing ved instituttet
- B) forskarskulane

### **Sak 4 – Innsparingar i driftsbudsjettet for 2016**

Sjå det vedlagte saksframlegget.

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet tek saka til orientering og godkjenner desse innsparingane i driftsbudsjettet for 2016:*

- a. innsparingane vedtekne av instituttrådet 18. februar 2015 gjeld også for året 2016. (avsnitt 1 i saksframlegget)*
- b. dei nye sparetiltaka i saksframlegget gjeld for året 2016 (avsnitt 2 i saksframlegget, punkta A-H)*

### **Sak 5 – ymse**

Åse Johnsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef

**Sak 4: Innsparingar i driftsbudsjettet for 2016**  
**Institutttrådsmøte 2. september 2015**  
**Institutt for framandspråk**  
**Universitetet i Bergen**

## **Innsparingar i driftsbudsjettet for 2016**

Institutt for framandspråk (IF) er i ein krevjande økonomisk situasjon. I tillegg til å ha med oss eit visst underskot frå 2014 til i år, har instituttet måtta budsjettera med ein relativ sterk vekst i underskotet på driftsbudsjettet 2015. Resultatinnteninga til instituttet har gått ned gjennom fleire år samstundes med at IF har høge utgifter til løn og honorar som må dekkjast over driftsbudsjettet. Instituttet har ein struktur som gjer det vanskeleg å redusera desse kostnadene: mange små fag med få tilsette og stort undervisningsbehov, ofte kombinert med fleire disiplinær og kurstilbod frå innføringsnivå til doktorgrad. Skal vi spara pengar, og det er det ingen veg utanom, må vi redusera kostnadene til løn og honorar. Ekstra krevjande blir situasjonen fordi ikkje berre instituttet, men òg fakultetet – som forvaltar budsjettet til fastløn, og dermed dei store midlane – er i ein krevjande situasjon. Vi må derfor rekna med endå magrare driftsbudsjett til institutta i 2016.

Budsjettet som institutttrådet vedtok for 2015, kalkulerte med eit underskot på litt under 800 000 pluss sosiale kostnader. I sakspapira til rådsmøtet 18. februar heiter det (sak 4):

Budsjettet over er gjort opp med eit underskot på 772 260 kroner. Men dette er utan tillegg for ekstra sosiale kostnader. Dersom fakultetet ikkje endrar praksis for når instituttet sjølv må dekkja sosiale kostnader, vil underskotet auka med fleire hundre tusen kroner (tillegget for sosiale kostnader i 2014 var på 770 000 kroner).

Inntekter og utgifter til vidareutdanninga er haldne utanfor oversyn; men det er lagt til grunn at dette går i balanse.

Vi ser no at tilstrøyminga av studentar til Nettspansk har falle dramatisk. Dermed sviktar inntektene samstundes som instituttet har lønsutgifter til fast tilsette medarbeidarar som underviser på og administrerer tilbodet. I 2015 må vi rekna med eit underskot på dette kurstilbodet, og det vil bli avgjerande å finna ein strategi som gjev økonomisk balanse dersom kurset skal leva vidare.

Vi skal og må få til balanse i driftsbudsjettet igjen, men då må vi spara kraftig på utgiftssida. Det er for tidleg å vedta sjølve driftsbudsjettet for 2016 sidan det vil gå fleire månader før vi veit kva løyvingar vi vil få i 2016 (og kor store utgiftene har vore i 2015). Men vi veit altså nok til at vi må redusera utgiftene ved instituttet, og då er det klokt å vedta innsparingane så tidleg som råd slik at instituttet kan førebu seg best mogleg. Her følgjer først ein gjennomgang av dei sparetiltaka som institutttrådet tidlegare har gjort vedtak om for 2015, og som instituttleiinga ønskjer å føra vidare òg i 2016. Deretter er det sett opp ei liste med nye sparetiltak, som instituttleiinga meiner må setjast i verk i 2016. Til slutt er det ei kort orientering om situasjonen på Nettspansk.

## 1. Sparetiltak i 2015

For budsjettåret 2015 vedtok instituttrådet 18. februar følgjande sparetiltak (sak 4):

- (1) Instituttleiinga tek kontakt med fakultetet for å drøfta tiltak som kan betra den økonomiske situasjonen for Institutt for framandspråk. Slike tiltak kan vera tilsetjing i mellombelse stillingar der vitskapleg tilsette går av før fylte 70 år, heving av grensa for når instituttet må dekkja dei sosiale kostnadene for løn og honorar, overføring av dei faste lektorstillingane på russisk til det ordinære fastlønnsbudsjettet ved fakultetet, høgare kompensasjon til fag med få tilsette når ei stilling står ledig ved utlysing.
- (2) Instituttleiar peikar ut ei arbeidsgruppe som kartlegg ressursbruken til undervisning og eksamen på dei ulike faga og emna ved instituttet. Gruppa lagar ein rapport som blir lagd fram for instituttrådet på første møte i haustsemesteret 2015. Målet er m.a. å vurdere om det er samsvar mellom talet på tilsette og ressursbruken til undervisning.
- (3) Dei store faga engelsk og spansk må normalt greia seg utan vikarar ved forskningsterminar og når stillingar står ledige. Eit unntak her er fagdidaktikk-disiplinen på engelsk, som inntil vidare treng vikarhjelp.
- (4) Følgjande toarstillingar vert ikkje erstatta når det noverande engasjementet går ut: Jacob Lothe (31.12.15), David Newby (31.12.15) og Elisabet Tiselius (avslutta 31.7.16). Franskfaget, som har fått færre stillingar dei seinare åra, og som har undervisningskoordinatorstillinga i denne leiarperioden, får vidareføra toarstillinga til Sébastien Liautaud.

Instituttleiinga har følgd opp desse tiltaka slik:

(1): Instituttleiinga sende 10. mars i år eit brev til fakultetet der det vart gjort greie for den økonomiske situasjonen, og dette vart følgd opp med eit møte med fakultetet 13. mars. Fakultetet har kome oss i møte på eit par punkt. Det viktigaste er at utgiftene til dei to fast tilsette russiske språkpedagogane er tekne over av fakultetet frå og med 1. januar 2015 (til saman 50 prosent stilling). Fakultetet dekkjer òg vikarmidlar hausten 2015 knytte til avgang på franskfaget, sjølv om denne stillinga ikkje er lyst ut på ny. Fakultetet kom oss ikkje i møte på det viktige punktet om sosiale kostnader. Praksisen med at institutta må dekkja dei sosiale kostnadene så snart lønsutgiftene går ut over 30 prosent av løyvingane til driftsbudsjettet, rammar IF ekstra hardt på grunn av det store vikarbehovet.

(2): Instituttleiar sette i vår ned ei arbeidsgruppe for å kartleggja ressursbruken til undervisning og eksamen på dei ulike faga og emna ved instituttet. Arbeidet i gruppa er litt forseinka, men rapporten vil bli lagd fram til instituttrådsmøtet 14. oktober.

(3): Tiltaket vart forsøkt følgd opp i planlegginga av undervisninga hausten 2015. Når engelskfaget likevel har høge utgifter til vikarar og andre mellombels tilsette hausten 2015, skuldast det meste av dette avtalar som var inngåtte før vedtaket om sparetiltak. I 2016 må engelskfaget greia seg utan andre utgifter til vikarar og mellombels tilsette enn instituttet si delfinansiering av Fulbright-stillinga. Spanskfaget er meir sårbart fordi faget har færre tilsette på kvar disiplin. Forskingstermin kombinert med fagkoordinatorverv gjer at faget har inne vikar på litteraturdisiplinen i haust.

(4): Tiselius har sagt opp toarstillinga frå og med sommaren 2015. Lothe og Newby er orienterte om at stillingane deira ikkje blir vidareførte når dei noverande arbeidsavtalane går ut ved årsskiftet. Franskfaget har fått lovnad om at toarstillinga til Liautaud kan førast vidare.

## 2. Nye sparetiltak i driftsbudsjettet ved IF i 2016

Lista nedanfor skisserer framlegg til innsparingar i driftsbudsjettet til IF i 2016.

I. Innsparingar som nokolunde presist kan reknast om i kroner her og no, dvs. tiltaka D-J nedanfor, utgjer ei samla innsparing på 1 157 000 kroner samanlikna med 2015.

II. Innsparingar, som er vanskelegare å måla den nøyaktige effekten av enno, femner om punkta A til C. Tiltaka er likevel svært viktige. Desse punkta handlar om streng kontroll med bruken av undervisningsressursar for å unngå høge vikarutgifter. Samstundes må vi takla ein situasjon med færre stillingar på fleire av faga, og instituttet må prøva å skjerma forskingstida til dei tilsette. Effekten av tiltaka A-C vil kunna målast ved utgangen av 2016 ved å samanlikna utgiftene med tilsvarende summar i 2015 og eventuelt også tidlegare år. Størstedelen av driftsbudsjettet ved IF går som kjent til vikarar, timelærarar, sensorar og andre mellombels tilsette. Å halda nede utgiftene her er derfor det viktigaste vi kan gjera for å takla den krevjande økonomiske situasjonen; det vil også føra til ein reduksjon i dei sosiale kostnadene som blir førte på instituttet (gjeld for punkta G-I i tillegg til A-C).

### Enkelttiltak:

- (A) Spansk og engelsk får ikkje leiga inn vikarar til undervisninga dersom det ikkje oppstår ekstraordinære fråvær knytte til fullfinansierte frikjøp, sjukdom o.l. Jf. budsjettvedtaket i instituttrådet 18. februar 2015, sak 4. Engelsk fagdidaktikk må også frå og med våren 2016 klara seg med dei faste ressursane på faget.  
Unntaket er kulturkunnskapsdisiplinen på spanskfaget våren og hausten 2016, der vi treng vikar. Kulturkunnskap misser ei stilling i januar 2016, og ein medarbeidar har forskingstermin heile 2016 – det er dermed berre éin fast tilsett att i undervisninga på disiplinen (nytilsett med ansvar for brasilkunnskap).
- (B) Vidareutdanninga i tysk startar ikkje opp igjen i 2016, men blir lagt på is på ubestemt tid på grunn av reduksjonar i stillingstalet. Instituttet må prioritera det ordinære kurstilbodet og dessutan skjerma forskingstida til dei fast tilsette.
- (C) Emna i Brasilkunnskap med portugisisk språk blir frå og med 2016 lagde på is på ubestemt tid. Instituttet må prioritera det ordinære kurstilbodet og dessutan skjerma forskingstida til dei fast tilsette.
- (D) Instituttet gjev ikkje støtte til forskning og publisering i 2016. Det er derfor viktig at dei tilsette søker andre finansieringskjelder, slik som Meltzerfondet og smådriftsmidlar frå fakultetet. Det vil vera viktig for instituttet at fakultetet fører vidare ordninga med smådriftsmidlar, men vi kan risikera at avsetninga blir redusert ved fakultetet.  
*Innsparing samanlikna med 2015: 338 000 kroner*
- (E) Instituttet gjev ikkje støtte til langvarige utanlandsopphald for stipendiatar. Stipendiatane må søkja Meltzermidlar og eventuelt bruka av eigne driftsmidlar til langvarige utanlandsopphald.  
*Innsparing samanlikna med 2015: 113 000 kroner*
- (F) Instituttet kuttar ordninga med ventestipend til kvotestipendiatar mellom innlevert avhandling og disputas.  
*Innsparing samanlikna med 2015: 60 000 kroner.*

- (G) Instituttet avviklar tre av fire toarstillingar, Jf. budsjettvedtaket i instituttrådet 18. februar 2015, sak 4.  
*Innsparing samanlikna med 2015 (lønsutgifter): 328 000 kroner*  
*Innsparing samanlikna med 2015 (reise og opphald): 81 000 kroner*
- (H) Instituttet avviklar emnet TOLKHF. Dette emnet vert gjennomført hausten 2015, med innleige av lærarar tilsvarande 478 arbeidstimar.  
*Innsparing samanlikna med 2015 (basert på lønssteg 60 og satsar pr. 1.7.14): 125 000 kroner*
- (I) Instituttet måtte hausten 2015 dekkja ekstra vikarutgifter på engelskfaget knytte til opptak av for mange masterstudentar. Fakultetet hadde stilt til utsikt støtte her, men p.g.a. den økonomiske situasjonen ved fakultetet vart desse utgiftene lagt over på driftsbudsjettet ved instituttet. Utgiftene svarar til om lag 268 arbeidstimar. Instituttet kan ikkje dekkja tilsvarande utgifter i 2016.  
*Innsparing samanlikna med 2015 (basert på lønssteg 63 og satsar pr. 1.7.14): 74 000 kroner*
- (J) Instituttet avgrensar gjesteforelesar-støtta til 25 000 kroner for 2016 (inkl. reise, opphald og eventuelle honorar). Søknadsfristen blir sett til 1. desember 2015).  
*Innsparing: 38 000 kroner.*

### **3. Framtida for Nettpansk**

Nettpansk har vore ein del av vidareutdanninga ved Institutt for framandspråk sidan 2002. Tilbodet er etter kvart bygt ut til å femna om eit innføringsemne, fire emne på 100-nivå (to kvart semester) og tre emne på 200-nivå (eitt kvart semester). Til saman seks personar har faste delstillingar som lærarar på Nettpansk, og den samla stillingsprosenten er 140. Nettpansk samla gjennom ei årrekke opp eit større økonomisk overskot, som er blitt overført til instituttet og brukt til å finansiera andre delar av drifta ved instituttet.

Etter at SEVU vart lagt ned, vart eit større administrativt ansvar lagt over på institutta. For å møta denne utfordringa, gjekk LLE og IF saman om å tilsetja ein studiekonsulent for vidareutdanninga. Utgiftene vart delte mellom institutta. Etter at oppfølginga av erfaringsbasert master vart lagd over på institutta i 2015, er finansieringa av stillinga slik: LLE 45 prosent, IF 45 prosent og fakultetet 10 prosent.

På inntektssida for Nettpansk har vi studentbetalinga. På utgiftssida har vi først og fremst løn til lærarar og til IF sin del av den administrative stillinga. Drifta av vidareutdanninga ved IF gjekk med eit lite overskot i 2014, men her er det viktig å hugsa på at den nye studiekonsulenten finansiert av vidareutdanninga vart tilsett først i august.

I det akademiske året 2014/2015 har tilstrøyminga av studentar til Nettpansk falle dramatisk. I ei årrekke låg studiepoengproduksjonen temmeleg stabilt mellom 900 og 1000 studiepoeng kvart semester. Men så fall talet til 550 studiepoeng hausten 2014 og 435 våren 2015. Søkjartala for hausten 2015 viser at denne trenden vil halda fram. Forklaringa er sannsynlegvis at vi dei siste par åra har fått to konkurrerande gratistilbod i regi av høgskulane i Telemark og Østfold. Korkje instituttet eller fakultetet kan i den noverande situasjonen driva vidare eit vidareutdanningstilbod som ikkje er økonomisk berekraftig. Vi må derfor prøva å omstill oss og vurdere m.a. undervisningsmengd, nedlegging av emne, oppretting av nye tilbod og finansieringsmodell. Instituttet har orientert fakultetet om

situasjonen (e-post 10.8.2015), og framtida for Nettspansk vil bli drøfta i eit møte mellom institutt og fakultet 9. september.

Åse Johnsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef

VEDLEGG:

- A) brev til fakultetet frå 10. mars 2015 om den økonomiske situasjonen
- C) utfyllande opplysningar om økonomien ved IF (e-post 18. mars 2015)
- D) svar frå fakultetet 23. mars 2015



Det humanistiske fakultet

Referanse

2015/3186-ARUT

Dato

10.03.2015

## Den økonomiske situasjonen ved Institutt for framandspråk

Institutt for framandspråk (IF) er i ein krevjande økonomisk situasjon. I tillegg til å ha med oss eit visst underskot frå 2014 til i år, har instituttet måtta budsjettera med ein relativ sterk vekst i underskotet i 2015. (Underskot er då forstått som at instituttet har forplikta seg til å dekkja ein større sum til konkrete føremål enn den kronesummen vi fører med oss frå eitt år til neste). Problemet er at instituttet har høge utgiftene til løn og honorar som må dekkast over driftsbudsjettet. Desse utgiftene heng saman med den strukturen IF etter kvart har fått som eit «småfagsinstitutt». IF har mange fag med få tilsette, stort undervisningsbehov og - i dei fleste tilfella - både fleire parallelle disiplinar som skal undervisas, og undervisning frå innføringsnivå og opp til doktorgrad. Dette gjev i praksis svært lite rom for å redusera vikarbruk og andre utgifter til løn og honorar.

Med dagens løyvingar blir det vanskeleg å halda oppe eit forsvarleg undervisningstilbod framover. Nedanfor vil vi gjera greie for utfordringane i litt meir detalj, og vi bed samstundes om å få eit møte med fakultetsleiinga for å drøfta økonomien ved instituttet.

### A. Tiltak

Rådet ved Institutt for framandspråk godkjende i møte 18. februar rekneskapen for 2014 og budsjettet for 2015. Samstundes slutta instituttrådet seg til desse tiltaka frå leiinga:

- (1) Instituttleiinga tek kontakt med fakultetet for å drøfta tiltak som kan betra den økonomiske situasjonen for Institutt for framandspråk. Slike tiltak kan vera tilsetjing i mellombelse stillingar der vitskapleg tilsette går av før fylte 70 år, heving av grensa for når instituttet må dekkja dei sosiale kostnadene for løn og honorar, overføring av dei faste lektorstillingane på russisk til det ordinære fastlønnsbudsjettet ved fakultetet, høgare kompensasjon til fag med få tilsette når ei stilling står ledig ved utlysing.
- (2) Instituttleiar peikar ut ei arbeidsgruppe som kartlegg ressursbruken til undervisning og eksamen på dei ulike faga og emna ved instituttet. Gruppa lagar ein rapport som blir lagt fram for instituttrådet på første møte i haustsemesteret 2015. Målet er m.a. å vurdera om det er samsvar mellom talet på tilsette og ressursbruken til undervisning.
- (3) Dei store faga engelsk og spansk må normalt greia seg utan vikarar ved forskingsterminar og når stillingar står ledige. Eit unntak her er fagdidaktikk-disiplinen på engelsk, som inntil vidare treng vikarhjelp.
- (4) Følgjande toarstillingar vert ikkje erstatta når de noverande engasjementet går ut: Jacob Lothe (31.12.15), David Newby (31.12.15) og Elisabeth Tiselius (avslutta 31.7.16). Franskfaget, som har fått færre stillingar dei seinare åra, og som har undervisningskoordinatorstillinga i denne leiarperioden, får vidareføra toarstillinga til Sebastien Liautaud.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for framandspråk  
Telefon  
Telefaks 55584260

Postadresse  
Postboks 7805  
5020 Bergen

Besøksadresse  
HF-bygget, Sydneplassen  
7  
Bergen

Sakshandsamar  
Arve Kjell Uthaug  
55582281

Sjølv om instituttet må halda utgiftene nede (tiltaka 2-4), greier vi neppe med dagens fagportefølje og stillingstal å få driftsbudsjettet i balanse utan at fakultetet kjem instituttet i møte når det gjeld løyvingar (tiltak 1). Her vil vi be fakultetet vurdere følgjande:

- Fakultetet budsjetterer med at vitskapleg tilsette går av når dei fyller sytti år. Når nokon går av før fylte sytti frå ei stilling som ikkje skal erstattast, sparer fakultetet lønsmidlar. Instituttet derimot får ein bråare overgang til reduserte ressursar. Instituttet har i 2015 ei stilling på russisk og ei på fransk der den tilsette går av før fylte 70 år. Det ville hjelpe instituttet om vi fekk disponera dei frigjorte lønsmidlane fram til vedkomande ville ha fylt 70 år. Eventuelt at instituttet i alle fall får overført midlar for 390 timar pr. semester for desse stillingane, på linje med stillingar som er under utlysing og tilsetjing.
- Fakultetet er kjent med at IF brukar ein langt større del av driftsbudsjettet til løn og honorar enn det som er lagt til grunn i budsjetteringa for institutta. I løyvinga til driftsbudsjettet er det lagt ein «terskelen» for når ansvaret for dei sosiale kostnadene blir overført til instituttet: Brukar vi meir enn 30 prosent til løn og honorar, må vi sjølv dekkja dei sosiale kostnadene. Som vi har peikt på gjennom fleire år, opplever vi denne terskelen som urimeleg. IF har alltid behov for å bruka ein større del av driftsbudsjettet til løn og honorar og blir dermed straffa gjennom at instituttet òg må dekkja sosiale kostnader. Ekstra påførte sosiale kostnader utgjorde i 2014 over 700 000 kroner. Vi vil be om at fakultetet hevar terskelen for når sosiale kostnader skal dekkast av instituttet.
- Instituttet hadde i ei årrekke to russisktalende språklærarar i mellombelse stillingar. Kvar av dei kjem årleg og underviste tre månader ved instituttet. I 2013 vart dette gjort om til to faste stillingar på 25 prosent kvar, men instituttet måtte dekkja utgiftene som før. Sidan faste stillingar i regelen blir løna over fakultetsbudsjettet, meiner vi desse to stillingane òg bør overførast dit.
- Det er dei små faga som merkar presset sterkast når nokon av dei fast tilsette er ute av undervisninga eller har redusert undervisningsplikt, jf. punkt (3) over. Her bør det vurderast å gje ein høgare kompensasjon enn 390 timar i semesteret for førsteamanuensar og professorar.

## B. Spriket mellom høge lønsutgifter og krympande resultatløyving

Nøkkeltala som summerer opp driftsrekneskapen ved instituttet i 2014, ser slik ut:

Budsjett	8 764 300
Inntekter	2 276 341
Utgifter	- 9 524 101
Ekstra sosiale kostnader førte på instituttet	- 770 000
Øyremerkte midlar som må overførast til 2015	- 798 945
Midlar som blir trekte tilbake fordi dei er unytta:	- 190 421
<b>Reelt resultat som blir overført til 2015</b>	<b>- 242 826 kroner</b>

Dette er summane som vart lagt fram for instituttrådet 18. februar. Det kan ha kome mindre justeringar i enkeltsummar etter dette.



Dei samla løyvingane til institutt for framandspråk var i underkant av 8.8 millionar kroner i fjor. Det inkluderer både den resultatbaserte løyvinga og tilleggsløyvingar. I tillegg kom inntekter på nesten 2.3 millionar. Dei viktigaste enkeltpostane her var 1.4 millionar frå vidareutdanninga, 300 000 frå Noregsuniversitetet øyremerkt utviklingsprosjektet Digitsk, og nokre frikjøpsmidlar frå eksterne kjelder.

Utgiftene ved instituttet i 2014 var på 9.5 millionar kroner. Den klart største posten var 5.8 millionar til løn og honorar (inkl. m.a. 2,8 millionar til vikarar, 870 000 til eksamenssensur, 750 000 til løns- og sensurutgifter på Nettspansk, 420 000 til toarstillingar, 260 000 til dei faste lektorane på russisk). I tillegg kjem altså dei sosiale kostnadene ført på instituttet.

Samstundes med desse høge utgiftene til løn og honorar, har den resultatbaserte tildelinga, som er sjølv kjernen i instituttbudsjettet minka frå år til år: 5.2 millionar i 2012, 4.1 millionar i 2013, 4 millionar i 2014 og 3.6 millionar i 2015.

### C. Småfagsinstituttet

Problemet er at utgiftene til vikarar o.l. som må dekkast av instituttet, *ikkje* har minka. Mykje av dette kan forklarast med utgangspunkt i at IF er blitt eit institutt av småfag, dvs. av undervisningsintensive fag med få tilsette. Engelsk og spansk er dei einaste faga som ikkje fell inn i dette mønsteret (sjølv om engelsk også har hatt og har stort vikarbehov på ein av disiplinane, nemleg fagdidaktikk, og litteraturdisiplinen på spansk er sårbar). Frå og med hausten 2015 har alle dei sju andre faga ved IF mindre enn fem faste stillingar dekte av det ordinære fastlønnsbudsjettet ved fakultetet. Problemet er altså at desse faga samstundes er undervisningsintensive. Dei er både kunnskapsfag og ferdigheitsfag. Studentane skal læra å meistra språka munnleg og skriftleg samstundes som dei skal følgja eit akademisk studium. Nokre av dei små faga skal dekkja fire disiplinar – språk, litteratur, fagdidaktikk og kulturkunnskap. Andre har færre disiplinar, men må til gjengjeld gje ei opplæring som startar heilt frå nullpunktet, der studentane må læra eit heilt nytt alfabet eller teiknsystem (arabisk, japansk, kinesisk og russisk).

**Arabisk** har 3.5 stillingar, ei av desse er for tida under utlysing. Alle stillingane er knytte til språkdisiplinen, og 1.5 stilling er lektorstillingar.

**Fransk** har frå hausten av 4.5 stillingar (etter avgang på språksida i september). Talet på stillingar er dramatisk redusert dei seinare åra. Stillingane fordeler seg med 0.5 på fagdidaktikk, 2 på språk og 2 på litteratur (inkl. kulturkunnskap).

**Italiensk** har tre stillingar. Litteraturdisiplinen har 1 stilling, språk 2. I tillegg har den italienske sendelektoren mykje undervisning, men dette fører også til at instituttet har eit stort vikarbehov i periodar der sendelektoratet står vakant, slik det gjer hausten 2014 og våren 2015. Vi håpar å ha ein ny sendelektor på plass hausten 2015.

**Japansk** har to stillingar (1 stilling er lektorstilling), begge er på språkdisiplinen. Stor studenttilstrøyming og behov for intensiv opplæring gjer at faget både er underbemanna og har eit stort vikarbehov ved forskingsterminar og liknande.

**Kinesisk** har to stillingar, ei av desse er under utlysing. Begge stillingane er på språkdisiplinen. P.g.a. lærarhjelp frå Konfutse-instituttet er vikarbehovet førebels ikkje stort.

**Russisk** har fire stillingar. I tillegg kjem dei fast tilsette lektorane frå Russland, som instituttet betalar for.

**Tysk** har fire stillingar, og talet på tilsette er redusert dramatisk dei seinare åra. Stillingane fordeler seg med 1 på fagdidaktikk, 1 på språk og 2 på litteratur.

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Grunnkompetanse</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• vidareutvikle evne til å reflektere over og vurdere eiga undervisning for å kunne fornye og utvikle den fagdidaktiske kompetansen i fransk, irekna den digitale kompetansen.</li> <li>• kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg på fransk innan fagfeltet.</li> </ul>
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	Fagdidaktikk i fransk bygger på Fagdidaktikk i fransk 1 Didafran1 (+ ein bachelorgrad der fransk inngår på minst 100-nivå.)
Undervisning og omfang - type - Timar pr veke - Veker	- om lag 24 timar førelesingar - Rettleiing og skolebesøk Undervisninga er både virtuell og ansikt til ansikt.
Obligatoriske arbeidskrav	For å kunne gå opp til eksamen må studentane innan fastsette tidsfristar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• ha teke aktivt del i ein forumsdiskusjon på nettet der sentrale fagdidaktiske spørsmål vert drøfta i lys av eigne praksiserfaringar og fagdidaktisk teori</li> <li>• ha publisert praksisloggar i praksisperioden</li> <li>• ha delteke i eit etterarbeid knytt til avtalt tema.</li> <li>• <i>pensumlista skal godkjennast av faglærer innan et fastsett tidspunkt</i></li> </ul> <p>Det er obligatorisk frammøte på minst 75% av undervisningane , og organiseringa av undervisninga har dette som utgangspunkt.</p>
Vurderingsformer	Eksamensforma er en rettleidd <b>prosjektoppgåve</b> eller ein munnleg eksamen med utgangspunkt i digital prosessmappe. Eksamensspråk er norsk eller fransk. Prosjektoppgåva skal ha eit omfang på ca 5000 ord, litteraturliste og vedlegg ikkje medrekna. Den munnlege eksamen varar om lag 30 minutt..
Karakterskala	Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er på 375 sider av normal vanskegrad. Av desse er eit utval sider sams for alle språkfaga. Resten er fagspesifikk. Av dette skal studenten foreslå eit visst tal sider i samråd med faglærer. Pensumlista skal godkjennast av faglærer innan et fastsett tidspunkt.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med instituttet sine retningsliner og UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studieveileder@if.uib.no">studieveileder@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>FRAN103</b>
Emnenamn	Fransk kulturkunnskap og omsetjing fransk-norsk
Engelsk emnenamn	French Culture and Translation from French to Norwegian
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk og fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet er tredelt. Studenten skal <ol style="list-style-type: none"> <li>1) få ei innføring i fransk historie frå ca. 1600 og fram til i dag</li> <li>2) få ei innføring i den franskspråklege verda utanom Frankrike (la francophonie)</li> <li>3) få trening i omsetjing frå fransk til norsk</li> </ol>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Ferdigheiter</li> <li>• Grunnkompetanse</li> </ul>	Studentane har skaffa seg kunnskap om fransk historie frå 1600-talet til i dag og kan drøfta problemstillingar knytte til viktige historiske hendingar i Frankrike. Dei kjenner til frankofoniens utbreiing og situasjon i verda og er i stand til å diskutera og gje eit oversyn over situasjonen til språket internasjonalt. Studentane kan omsetja tekstar frå dagspressa frå fransk til norsk.
Tilrådde forkunnskapar	For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skole.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timer pr veke</li> <li>• Veke</li> </ul>	Kvar student får tilbod om 7 timar undervisning kvar veke i om lag 10 veker: 2 t førelesing i historie 2 t førelesing i frankofoni 2 t førelesing i omsetjing frå fransk til norsk 1 t munnleg øving knytt til historie og frankofoni (gruppe)
Obligatoriske arbeidskrav	I samband med undervisninga skal ein levera for godkjenning eitt skriftleg arbeid i omsetjing og eitt skriftleg arbeid på om lag 1000 ord i historie eller frankofoni. Ein må i tillegg få godkjent ei munnleg framføring på om lag fem minutt i den disiplinen ein ikkje leverer skriftleg oppgåve i. Frist for innlevering av oppgåver vert gjeven i byrjinga av semesteret.
Vurderingsformar	Eksamen er tredelt: 1) Skriftleg skoleeksamen (2 timar) i historie eller frankofoni. Kva for ein disiplin som skal prøvast til skriftleg eksamen vert oppgjeve ei veke før eksamen. 2) Munnleg eksamen på fransk i historie eller frankofoni (den av dei to disiplinane som ikkje vart prøvd til skriftleg eksamen). Kva for eit emne i pensum som skal prøvast vert



	<p>oppgjeve om lag 20 minutt før munnleg eksamen.</p> <p>3) Skriftleg skoleeksamen (2 timar) i omsetjing fransk-norsk. Karakteren på kvar av dei tre prøvene tel 1/3 av samla emnekarakter. Det er høve til å ta med seg <b>ein inntil to</b> deleksamen<b>(ar)</b> i inntil to semester etter at deleksamenen er greidd.</p> <p>På dei skriftlege eksamensdagane kan ein nytta eittspråkleg (fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk) ordbok godkjend av instituttet.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>Historie: eit oversyn over fransk historie frå 1600 til i dag, til dømes som det ein finn i Jean Carpentier og François Lebrun: Histoire de France, Points Seuil (om lag 200 s. tekst)</p> <p>Frankofoni: utdrag frå John Kristian Sanaker, Karin Holter og Ingse Skattum: La francophonie, une introduction critique, Unipub (om lag 140 sider)</p> <p>Eit presist pensumoversyn finn ein på Mi side.</p> <p>Omsetjing: ikkje noko tekstpensum</p> <p>Ved semesterstart vil det bli opplyst om eventuelle endringar i pensum.</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>ITAL111</b>
Emnenamn	Italiensk språk I
Engelsk emnenamn	Italian Language I
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Italiensk og norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet skal gi eit oversyn over lydsystemet i italiensk og ei systematisk innføring i italiensk grammatikk. Øvingane som inngår i emnet, har som mål å integrere grammatikken i studiet av enklare tekstar for å øve opp evna hjå studentane til å forstå italiensk og sjølve kunne uttrykkje seg.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetanse</li> </ul>	Etter fullført emne: <u>Kunnskapar</u> Studentane <ul style="list-style-type: none"> <li>- har grunnleggjande kunnskap om det italienske språksystemet</li> <li>- har utvikla ei viss evne til å uttrykkje seg på italiensk</li> </ul> <u>Dugleik</u> Studentane <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan presentere og diskutere grammatiske problemstillingar i ein konkret tekst</li> </ul>
Tilrådde førekunnskapar	For å gjennomføre emnet, trengst det forkunnskapar i italiensk som svarar til nivå 2 frå vidaregåande skole eller til nivået frå ITAL001 eller ITAL100.
Krav til førekunnskapar	Ingen formelle krav; sjå tilrådde førekunnskapar.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timer pr veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	Undervisninga inneheld både oversynsførelesingar og timar der studentane arbeider aktivt med det språklege stoffet som er gjennomgått på førelesingane. Det totale omfanget av undervisninga i emnet er normalt på 6 timar i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane må delta på totalt 10 fonetikkforelesingar for å ha høve til å gå opp til eksamen i emnet.  <b>Alle obligatoriske arbeidskrav må være bestått i eitt og same semester.</b>
Vurderingsformer	Eksamen er ei 6 timars skriftleg prøve i grammatikk med fleire einskildoppgåver. Det skal nyttast norsk eller italiensk for å svare på oppgåva i grammatikk.

	Studentane kan nytte eittspråkleg (italiensk-italiensk) ordbok godkjend av instituttet.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er ein større italiensk grammatikk. Eit presis pensumoversyn finn ein på Mi side.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

<b>Emnekode</b>	<b>ITAL252</b>
Emnenamn	Eldre italiensk litteratur
Engelsk emnenamn	Studies in early Italian literature
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Italiensk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	ITAL252 omfattar studium av sentrale tekstar i eldre italiensk litteratur. Pensum inneheld sentrale tekstar frå 1300-tallet og 1500-tallet. Tekstane skal studerast i eit litteraturhistorisk og teoretisk perspektiv. ITAL252 skal gje ei djupare og vidare forståing av eldre italiensk litteratur.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Ferdigheiter</li> <li>• Grunnkompetanse</li> </ul>	Etter fullført emne: <u>Kunnskapar</u> Studentane <ul style="list-style-type: none"> <li>- har innsikt i dei utvalte pensumverka</li> <li>- har kunnskap om den kulturhistoriske konteksten til verka</li> <li>- har kunnskap om sentrale litterære omgrep</li> <li>-</li> </ul> <u>Dugleik</u> Studentane <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan bruke dei tileigna omgrepa i sjølvstendige analysar av pensumtekstar</li> <li>- kan analysere tekstane tematisk og i kulturhistorisk perspektiv</li> <li>- kan drøfte, skriftleg og munnleg, problemstillingar knytte til pensum</li> <li>- kan formidle kunnskapar innanfor eige fagområde på munnleg og skriftleg italiensk</li> </ul> <u>Generell kompetanse</u>

	<p>Studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan planleggje og gjennomføre arbeidsoppgåver som strekkjer seg over ei viss tid</li> <li>- kan vidareutvikle kunnskapane sine, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv</li> </ul>
Tilrådde førekunnskapar	100-nivå i italiensk eller tilsvarande
Krav til førekunnskapar	Ingen formelle krav; sjå tilrådde førekunnskapar.
<p>Undervisning og omfang</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar pr veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	<p>Førelesingar og seminar</p> <p>4 timer i veka i 12 veker</p>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Semesteroppgåva er rettleidd, og studentane må delta på to obligatoriske rettleiingsmøte for å ha høve til å levere oppgåva.</p> <p>Obligatoriske arbeidskrav er <del>gyldige i det påfølgjande semesteret etter det semesteret dei vart godkjende.</del> berre gyldige i undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformer	<p>Eksamen er todelt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ei rettleidd semesteroppgåve, som skal leverast inn innan 15. mai, på om lag 4000-5000 ord skriven på italiensk.</li> <li>2. Ei munnleg eksamen der problemkrinsen for samtalen kan hentast frå heile pensumet i emnet.</li> </ol> <p>Semesteroppgåva tel 40 prosent og den munnlege eksamen tel 60 prosent av den samla karakteren i emnet.</p> <p>Kandidatar som får karakteren F på semesteroppgåva, får ikkje gå opp til munnleg eksamen. Kandidatar som får F på den munnlege eksamen, får F som samla karakter for emnet. Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester.</p> <p>Oppgåva fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i bachelorgraden.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>I pensumoversynet på internett ligg det opplysningar om kva tekstar som til ei kvar tid er pensum.</p> <p>Ein lyt òg skaffe seg grundigare kjennskap til forfattarane som er på pensum. Stoff om dei einskilde forfattarane finst i litteraturhistorier, leksika og kommentarbøker til pensumverka.</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>





**Justerte emneplaner for JAP110, JAP120 og JAP205 fra våren 2016**

Emnekode	<b>JAP110</b>
Emnenamn	Japansk språk 1
Engelsk emnenamn	Japanese Language 1
Studiepoeng	30
Undervisningssemester	Kvart vårsemester
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Målet er å gi grunnkunnskapar i japansk språk, med vekt på grammatikk, vokabular og skriftteikn.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Ferdigheiter</li> <li>• Grunnkompetanse</li> </ul>	<p><b>Etter fullført emne:</b></p> <p><u>Kunnskapar</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har ei forståing av språkssystemet.</li> <li>- har grunnleggjande kulturell innsikt og kjennskap til daglegliv og skikkar.</li> </ul> <p><u>Dugleikar:</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan grunnleggjande grammatikk, vokabular og om lag 200 kanji. Hovudvekta ligg på normalt formelt språk, men uformelle former blir også introduserte.</li> <li>- kan presentere seg sjølv og fortelje om dagleglivet sitt både munnleg og skriftleg.</li> </ul> <p><u>Generell kompetanse</u> Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har grunnleggjande innsikt i grammatiske strukturar på begynnarnivå.</li> <li>- har eit språkleg nivå tilsvarande Japanese Language Proficiency Test, nivå 5.</li> </ul>
Tilrådde forkunnskapar	Kunnskap tilsvarande ASIA100.
Krav til forkunnskapar	
Fagleg overlapp	For studentar som har teke andre emne i japansk med nærliggande pensum, kan det vere overlapp. Ta kontakt med <a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a> for nærare informasjon.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar pr. veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	<p>Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppeundervisning samt individuell rettleiing i samband med skriftleg arbeid.</p> <p>Det er om lag 10 timar førelesing og 2 timar samtalegrupper i veka i 12 veker.</p>

Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette emnet har 24 innleveringsoppgåver og kunnskapsprøver, to i kvar veke. Alle desse 24 oppgåvene må vere godkjende <b>i same semester</b> for at kandidaten skal kunne framstille seg til <b>eksamen vurdering</b>. Det er obligatorisk oppmøte til minst 80 prosent av undervisninga.</p>
Vurderingsformer	<p>Mappeevaluering. <del>Blant dei obligatoriske innleveringsoppgåvene og kunnskapsprøvene vel studenten ut åtte som skal inngå i mappa.</del> 12 av dei obligatoriske innleveringsoppgåvene og kunnskapsprøvene skal inngå i mappa. Kanjitetstar, skriftlege framstillingar, skuleoppgåver og omsetjingsoppgåver skal vere representerte med <del>tø-tre</del> kvar. Dei utvalde arbeida dannar grunnlag for karaktersetting. Dei einskilde delane tel <del>1/8</del> 1/12 kvar. Eksamen blir arrangert berre i undervisningssemesteret.</p>
Karakterskala	<p>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
Læremiddelomtale	<p>Pensum består av ei innføringsbok i japansk med tilhøyrande arbeidsbok og CD. Verket inneheld dialogtekstar, grammatikkutgreiingar, vokabular, øvingar og skrifteikn. Ei lærebok/øvingsbok i skrifteikn vert også nytta, samt utvalde tekstar som vert utleverte på førelesingane.</p> <p>Det blir utarbeidd ei liste over tilrådd tilleggslitteratur (grammatikkbøker, oppslagsverk og øvingar på internett).</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studieveileder@if.uib.no">studieveileder@if.uib.no</a>



## Studieplan for Bachelorprogrammet i kinesisk

### Krav til studieplanar for studieprogram går fram av:

- §7-2 i *Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning (studietilsynsforskriften)*, NOKUT 2013 (FOR 2013-02-28 nr 237) <http://link.uib.no/?21Vcl>
- Kapittel 3 i *Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen*, (Studieforskrifta), UiB, 2012, <http://link.uib.no/?1cqcv>

Språkvaska august 2014.

Kategori	Tekst
Namn på studieprogrammet, nynorsk	Bachelorprogram i kinesisk
Navn på studieprogrammet, bokmål	Bachelorprogram i kinesisk
Name of the programme of study, English	Bachelor's programme in Chinese
Namn på grad Name of qualification	Bachelor i kinesisk
Omfang og studiepoeng ECTS credits	Bachelorprogrammet i kinesisk har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.
Fulltid/deltid Full-time/part-time	Fulltid
Undervisningsspråk Language of instruction	Undervisningsspråket på kinesiskemna er kinesisk og norsk/engelsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiestart - semester Semester	Haut. <b>Det er opptak berre annakvart år. Neste opptak er hausten 2015 2017.</b>
Mål og innhald Objectives and content	<p>Kina er i dag ei økonomisk og politisk stormakt som ikkje berre spelar ei viktig rolle i sin eigen region, Aust-Asia, men òg i ein global samanheng. Som historisk sentrum i den øst-asiatiske sivilisasjonen er kinesisk kultur på mange måtar svært ulik vår eigen. Gjennom studiet av kinesisk møter studenten ei ny og fascinerande verd, der kjente element eksisterer i ein framandkulturell kontekst.</p> <p>Som tale- og skriftspråk for 1,3 milliardar menneske er kinesisk det mest talte morsmålet i verda, og det dannar ein naturleg innfallspørt til ein kulturkrets der gamalt og nytt lever side om side. Store mengder ny informasjon kan verta tilgjengeleg for dei som lærer å kjenna kinesisk språk og kultur, og kjennskap til kinesisk ordforråd og skriftteikn er også til stor hjelp når ein skal lære japansk eller koreansk. Kinesisk skil seg frå vestlege språk på ein rekkje punkt, og det er både utfordrande og spennande å få innsikt i det kinesiske skriftuniverset. Det blir òg lagt vekt</p>

	<p>på praktisk meistring av moderne kinesisk språk, der studenten får intensiv trening i å snakke, forstå, lese og skrive kinesisk. Studenten får elles grunnleggjande kunnskapar om historie, samfunnstilhøve og kultur, samt moglegheit for fordjuping i eit Kina-relatert tema.</p> <p>Hovudvekta i studiet vert lagd på språktileigning og språkforståing. Kinesisk er eit tidkrevjande språk å lære i forhold til nære europeiske språk, ikkje minst grunna skriftsystemet. Det er derfor viktig å ha eit realistisk bilete av oppnåeleg språknivå. Etter eit års studium skal studentane vera i stand til å halda enkle samtalar om avgrensa tema og skriva enkle stilar ved hjelp av ordbok. Etter to år opplever mange at dei har eit større passivt vokabular og teiknforråd, men at dei framleis ikkje meistrar naturleg samtale. Vi oppmodar difor studentane til å nytta seg av UiB sine utvekslingsavtaler i løpet av studiet, for å få den rette balansen mellom teoretiske og praktiske språkkunnskapar. Ved å studere ved eit kinesisk universitet, kan ein også følgje kurs over eit breitt spekter av kultur- og samfunnsrelaterte tema.</p>
<p><b>Læringsutbyte</b> Required learning outcomes</p>	<p>Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:</p> <p><b>Etter fullført studium:</b></p> <p><u>Kunnskapar</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har grunnleggjande kunnskapar i kinesisk grammatikk og lydlære.</li> <li>- har tileigna seg vokabular og grammatiske former på mellomnivå.</li> <li>- har grunnleggjande kunnskap om kinesisk samfunn og historie.</li> </ul> <p><u>Dugleik/Ferdigheiter:</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <del>kan lese nærmare 1000 skrifteikn og skrive over 500</del> kan lese og forstå nærmare 2000 ord og 800 skrifteikn, og skrive minst 350 skrifteikn.</li> <li>- kan halde enkle samtalar om avgrensa tema i rolig tempo.</li> <li>- kan skriva enkle stilar ved hjelp av ordbok.</li> <li>- kan omsetje enkle tekster frå kinesisk til engelsk.</li> <li>- kan lese Kina-relaterte engelskspråklige tekstar med kritisk og kunnskapsbasert blikk, samt sjølv leite fram seriøse kjeldelitteratur og produsere akademisk tekst om ei formulert Kina-relatert problemstilling.</li> </ul> <p><u>Generell kompetanse:</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan kommunisere på kinesisk på mellomnivå.</li> <li>- har innsikt i relevante kinesiske problemstillingar.</li> <li>- kan planleggje og gjennomføre ei analytisk og kritisk prosjektoppgåve</li> </ul>

	<p>som strekkjer seg over tid, og som er i tråd med etiske krav og retningslinjer.</p> <p>- kan vidareutvikle kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.</p>
<b>Opptakskrav</b> Admission requirements	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
<b>Tilrådde forkunnskapar</b> Recommended previous knowledge	Ingen.
<b>Innføringsemne</b> Introductory courses	<p>Første semester i bachelorprogrammet i kinesisk inneheld 30 studiepoeng, og er sett saman av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Examen philosophicum (10 stp.)</li> <li>• Examen facultatum (10 stp.)</li> <li>• <u>ASIA100</u> Kultur, språk og historie i Øst-Asia (10 stp.)</li> </ul> <p>Examen facultatum inneber eit val mellom emna Språk og kommunikasjon eller Tekst og kultur. Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalde meir enn 10 studiepoeng examen philosophicum og 20 studiepoeng examen facultatum.</p>
<b>Obligatoriske emne / spesialisering</b> Compulsory units	<p>Bachelorprogrammet i kinesisk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalde inntil 20 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil., ex.fac.), ASIA100 og 90 studiepoeng med spesialisering i kinesisk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>I bachelorprogram i kinesisk vil dei 90 studiepoenga i spesialiseringa normalt innehalde KIN101, KIN102, KIN103, KIN104, KIN201 og KIN251. KIN251 tilfredsstillar gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng, jf. <i>Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultetet</i>.</p>
<b>Tilrådde valemne</b> Recommended electives	<p>Bachelorprogrammet i kinesisk inneheld 60 frie studiepoeng. Studenten kan velje emne innanfor skulefag, språkfag, historie- og kulturfag, estetiske fag eller andre fag som er relevante for studenten si vidare utdanning eller yrkesplanar.</p> <p>Instituttet tilrår utvekslingsopphald ved eit kinesisk universitet. Til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utveksling ½ semester (15 stp.)</li> <li>- Utveksling 1 semester (30 stp.)</li> <li>- Utveksling 2 semester (60 stp.)</li> </ul>
<b>Rekkefølge for emne i studiet</b> Sequential requirements, courses	<p>Tilrådd rekkjefølgje for emne i studiet:</p> <p>1. semester (H):  Ex.phil. og ex.fac. og ASIA100 (30 stp)</p> <p>2. semester (V):  KIN101 Innføring i kinesisk språk 1 (15 stp)  KIN102 Kinesisk språk 2 (15 stp)</p> <p>3. semester (H):</p>

	<p>KIN103 Kinesisk språk 3 (15 stp) KIN104 Kinesisk språk 4 (15 stp)</p> <p>4. semester (V): KIN201 Kinesisk språk 5 (15 stp) KIN251 Kina: Kultur og samfunn med bacheloroppgåve (15 stp)</p> <p>5. semester (H): Frie studiepoeng eller delstudium i utland (30 stp)</p> <p>6. semester (V): Frie studiepoeng eller delstudium i utland (30 stp)</p> <p>Studentar kan sjølv velje om dei vil følgje det tilrådde løpet eller om dei vil byte om på rekkjefølgja av spesialisering og frie studiepoeng. Ein må då vere merksam på at kinesiskemna har faste undervisningssemester. Det er tilrådd at ein fullfører 100-nivå i kinesisk før ein tek fatt på 200-nivå.</p>
<p><b>Krav til progresjon i studiet</b> Progression requirements</p>	<p>For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.</p>
<p><b>Delstudium i utlandet</b> Study period abroad</p>	<p>Det blir sterkt tilrådd at studentane i løpet av studiet har eit opphald i Kina. Universitetet i Bergen har avtalar med fleire kinesiske universitet. Eit delstudium kan til dømes vere ein del av dei frie studiepoenga på bachelorprogrammet i kinesisk. Emna ein vel må godkjennast på førehand av UiB.</p> <p>Det er tilrådd å kontakte og samtale med studierettleiar eller ein fagperson i planlegginga av delstudium i utlandet.</p> <p><i>Hugs søknadsfristen 1. februar for utreise påfølgande haust- og vårsemester</i></p> <p>Les meir om utveksling <a href="#">her</a>.</p>
<p><b>Undervisningsmetodar</b> Teaching methods</p>	<p>Programmet omfattar ulike undervisningsformer, til dømes førelesingar, seminar- og gruppeundervisning, individuell rettleiing og lydlab/videoframsying. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
<p><b>Vurderingsformer</b> Assessment methods</p>	<p>Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, til dømes ved mappesvurdering, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
<p><b>Litteraturliste</b> Reading list</p>	<p>Litteraturliste finn du på Mi side. Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.12 for det komande semesteret.</p>
<p><b>Karakterskala</b> Grading scale</p>	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer: 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd</p>

	Sjå emneplanen for det einstilte emnet.
<b>Kompetanse for vidare studium</b>	
<b>Vitnemål og vitnemålstillegg</b> Diploma and Diploma Supplement	Vitnemål blir skrivne ut etter at graden er fullført.
<b>Grunnlag for vidare studium</b> Access to further studies	Ein bachelorgrad i kinesisk frå UiB gjer det mogleg å søkje opptak ved masterstudium ved internasjonale utdanningsinstitusjonar. Det er i dag ikkje mogleg å ta ein mastergrad i kinesisk ved UiB, men eit slik tilbod er under utvikling. Dersom det vert mogleg å ta ein mastergrad i kinesisk ved UiB eller ved andre lærestader i Noreg, vil det bli lagt ut informasjon om det på universitetet sine nettsider.  Studenten kan òg nytte sin kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning.
<b>Relevans for arbeidsliv</b> Employability	Blant yrkesgrupper der kompetanse i kinesisk og kjennskap til Kina er nyttig, kan nemnast næringsliv (til dømes turistnæringa, fiskeeksport) og internasjonalt retta organisasjonar, og elles undervisning, forskning, presse og media. Kandidatar med kinesisk er òg å finne i utanrikstenesta, eller dei er sysselsette med bibliotekarbeid eller omsetjingsoppgåver.  For å kunne bruke kinesisk aktivt i jobbsamheng er lengre opphald i Kina undervegs i, eller etter studiet, naudsynt.
<b>Evaluering</b> Evaluation	Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no
<b>Skikkaheit og autorisasjon</b> Suitability and authorisation	Ikkje relevant.
<b>Programansvarleg</b> Programme committee	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.
<b>Administrativt ansvarleg</b> Administrative responsibility	Det humanistiske fakultet v/ Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.
<b>Kontaktinformasjon</b> Contact information	Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: <a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>
<b>Vitnemålstekst</b> Nynorsk Bokmål	<b>Nynorsk</b>  Bachelorprogrammet i kinesisk består i hovudsak av ulike emne i kinesisk som framandspråk. Hovudvekta i studiet vert lagt på kunnskapar om kinesisk språk, inkludert praktisk meistring av munnleg og skriftleg kinesisk

på høgere mellomnivå. Studenten får òg grunnleggjande kunnskap om kinesisk historie og samfunnstilhøve, samt inngående kjennskap til den kinesiske kulturen gjennom språket. Ei semesteroppgåve set studenten i stand til å avgrense og analysere eit Kina-relatert saksfelt samt søke fram og håndtere relevant kildemateriale.

**Bokmål**

Bachelorprogrammet i kinesisk består i hovedsak av ulike emner i kinesisk som fremmedspråk. Hovedvekten i studiet legges på kunnskaper om kinesisk språk, inkludert praktisk mestring av muntlig og skriftlig kinesisk på høyere mellomnivå. Studenten får også grunnleggjande kunnskap om kinesisk historie og samfunnsforhold, samt inngående kjennskap til den kinesiske kulturen gjennom språket. En semesteroppgåve setter studenten i stand til å avgrense og analysere et Kina-relatert saksfelt samt søke frem og håndtere relevant kildemateriale.

Emnekode	<b>KIN101</b>
Emnenamn	Innføring i kinesisk språk 1
Engelsk emnenamn	Chinese Introductory Course
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår, partalsår
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
<b>Fagleg overlapp</b>	<b>100 % overlapp med emna KIN621 og KIN623</b>
Mål og innhald	<p>Dette er eit tilbod til studentar som ønskjer grunnopplæring i moderne mandarin. Mandarin er hovudspråket i mellom anna fastlands-Kina og Taiwan, og er inngangsporten til ei av verdas eldste sivilisasjonar. Det er det språket i verda som har flest morsmålsbrukarar. Studentane skal tileigne seg praktisk dugleik i moderne mandarin, både skriftleg og munnleg. Dei skal lære seg god uttale ved hjelp av transkripsjonssystemet Hanyu pinyin, eit grunnleggjande vokabular, samt eit visst tal skriftteikn.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	Etter fullført emne skal studentane <b>ha innleiande kunnskap om utsjånaden og oppbygginga til kinesiske teikn. Dei skal</b> kunne lese enkle tekstar og føre ein enkel samtale på mandarin.
Tilrådde forkunnskapar	God dugleik i engelsk
Krav til forkunnskapar	
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppearbeid. Det er om lag 10 timar undervisning i uka.
Obligatoriske arbeidskrav	Dette kurset har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjend 75 prosent av dei. Det blir kravd at studentane har 75 % oppmøte til undervisninga for å få vurdering i emnet. Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester utover undervisningssemesteret.
Vurderingsformar	Munnleg prøve på 15-20 minutt. Eksamen vert arrangert kvart semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Tekstbok for nybyrjarar med tilhøyrande arbeidsbok, og multimedieverkty.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>KIN102</b>
Emnenamn	Kinesisk språk 2
Engelsk emnenamn	Chinese Language 2
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår, partalsår
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
<b>Fagleg overlapp</b>	<b>100 % overlapp med emna KIN622 og KIN624</b>
Mål og innhald	<p>Dette er eit tilbod til studentar som ønskjer vidaregåande innføring i moderne mandarin. Studentane skal tileigne seg praktisk dugleik i moderne mandarin, både skriftleg og munnleg. Dei skal tileigne seg eit utvida vokabular og eit visst tal skriftteikn. <b>Dei får øve seg i å skrive og bruke enkle og frekvente kinesiske teikn.</b> Emnet gir òg ein praktisk gjennomgang av grunntrekka i grammatikken.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	Etter fullført emne skal studentane kunne lese og skrive enkle tekstar, og føre samtalar om daglegdagse tema på mandarin.
Tilrådde forkunnskapar	God dugleik i engelsk. KIN101 eller tilsvarande kunnskapar.
Krav til forkunnskapar	
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppearbeid. Det er om lag 10 timar undervisning i uka.
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette kurset har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjend 75 % av dei.</p> <p>Det blir kravd at studentane har 75% oppmøte til undervisninga for å få vurdering i emnet. Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester utover undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Eksamen består av to delar:</p> <p>1) Tre timar skriftleg eksamen i lesedugleik, grammatikk og skrivedugleik.</p> <p>2) Ei munnleg prøve på kinesisk.</p> <p>Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester. Skriftleg eksamen tel 60% og munnleg prøve tel 40% når den endelege karakteren vert fastsett.</p> <p>Eksamen vert arrangert kvart semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er



	stryk.
Læremiddelomtale	Tekstbok for nybyrjarar med tilhøyrande arbeidsbok, og multimedieverkty.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>KIN103</b>
Emnenamn	Kinesisk språk 3
Engelsk emnenamn	Chinese Language 3
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haut, partalsår
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>KIN103 byggjer på KIN101 og KIN102 og har vidare begynnarundervisning i og om det kinesiske språket, med vekt på språkstruktur, skriftspråk og daglegdags tale. Det er eit tilbod til studentar som ønskjer å lære moderne mandarin over basisnivået.</p> <p>Studentane skal skaffe seg praktisk dugleik i moderne mandarin, både skriftleg og munnleg. Dei skal skaffe seg eit vokabular på 400 ord knytte til daglegliv og universitetskvardag, samt 200 nye skrifteikn. Dei skal òg verte kjende med vanlege sosiale og kulturelle aktivitetar i Kina. Korrekt uttale vert vektlagd.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	<p>Studentane skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ha tileigna seg basisvokabular og basisgrammatikk.</li> <li>- ha tileigna seg eit vokabular på 400 ord knytt til daglegliv og 200 nye skrifteikn.</li> <li>- ha kjennskap til daglegliv, skikkar, sedvanar og andre kulturelle aktivitetar i Kina.</li> <li>- kunne skrive ei rekkje av dei mest nytta kinesiske teikna utan å konsultere vokabularliste eller ordbok.</li> </ul>
Tilrådde forkunnskapar	KIN101 og KIN102 eller tilsvarande kunnskapar. Det er ein klar føremon å ta KIN103 og KIN104 i same semester. God dugleik i engelsk.
Krav til forkunnskapar	
Undervisning og omfang	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	<p>gruppearbeid. Det er om lag 8 timar undervisning i uka.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette kurset har obligatorisk frammøte i undervisninga og jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjent 75 prosent av dei, og vere til stades på 75% av undervisningstimane.</p> <p>Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester ut over undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Eksamen består av to delar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Tre timar skriftleg eksamen i lese- og skrivefærdigheit, grammatikk og skriveregler.</li> <li>2) Ei munnleg prøve på kinesisk.</li> </ol> <p>Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester. Skriftleg eksamen tel 60% og munnleg prøve tel 40% når den endelege karakteren vert fastsett.</p> <p>Eksamen vert arrangert kvart semester.</p>
Karakterskala	<p>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
Læremiddelomtale	<p>Tekstbok for nybyrjarar med tilhøyrande arbeidsbok, og multimedieverkty. Ordbøker og eiga grammatikkbok.</p>
Undervisningsstad	<p>Universitetet i Bergen.</p>
Emneevaluering	<p>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.</p>
Kontaktinformasjon	<p><a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a></p>

Emnekode	<b>KIN104</b>
Emnenamn	Kinesisk språk 4
Engelsk emnenamn	Chinese Language 4
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust, partalsår
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>KIN104 byggjer på KIN103 og har vidare begynnarundervisning i og om det kinesiske språket, med vekt på språkstruktur, skriftspråk og normalt hørleg tale. Dette er eit tilbod til studentar som ønskjer å lære moderne mandarin over basisnivået.</p> <p>Studentane skal skaffe seg praktisk dugleik i moderne mandarin, både skriftleg og munnleg. Dei skal meistre eit vokabular på 700 ord knytte til kvardags- og samfunnsliv, samt 300 skriftteikn. Dei skal òg lære å uttrykkje eigne synspunkt på ulike tema. Korrekt uttale vert vektlagd.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	<p>Studentane skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ha tileigna seg basisvokabular og basisgrammatikk.</li> <li>- ha tileigna seg eit vokabular på 700 ord knytt til kvardags- og samfunnsliv og 300 skriftteikn.</li> <li>- kunne skrive ei rekkje av dei mest nytta kinesiske teikna utan å konsultere vokabularliste eller ordbok.</li> <li>- kunne uttrykkje eigne synspunkt på ulike tema.</li> </ul>
Tilrådde forkunnskapar	KIN103 eller tilsvarande kunnskapar. Det er ein klar føremon å ta KIN103 og KIN104 i same semester. God dugleik i engelsk.
Krav til forkunnskapar	
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppearbeid. Det er om lag 8 timar undervisning i uka.
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette kurset har obligatorisk frammøte i undervisninga og jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjent 75 prosent av dei, og vere til stades på 75 % av undervisningstimane.</p> <p>Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester ut over undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Eksamen består av to delar:</p> <p>1) Tre timar skriftleg eksamen i lesedugleik, grammatikk og</p>

	<p>skrivedugleik.</p> <p>2) Ei munnleg prøve på kinesisk.</p> <p>Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester. Skriftleg eksamen tel 60 % og munnleg prøve tel 40 % når den endelege karakteren vert fastsett.</p> <p>Eksamen vert arrangert kvart semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Tekstbok for nybyrjarar med tilhøyrande arbeidsbok, og multimediasverky. Ordbøker og eiga grammatikkbok.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.
